

Norec
Fjellvegen 9
6800Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

23/16984 -

29.04.2024

Statsbudsjettet 2024 – Norec - supplerande tildelingsbrev nr. 2

Vi viser til Utenriksdepartementets tildelingsbrev til Norec og til Instruks for evalueringsoppgåva i norsk bistandsforvaltning, fastsett av Utenriksdepartementet (UD) og Klima- og miljødepartementet (KLD).

Dette brevet inneheld oppdrag og føringar for gjennomføring av avgjerda om å flytte evalueringsoppgåva i norsk bistandsforvaltning frå Norad til Norec.

1. Oppdrag, føringar og leveransar

Oppdrag 3/2024

Flytting av evalueringsoppgåva frå Norad til Norec

Bakgrunn for oppdraget: Regjeringa ønskjer å byggje sterke kompetansemiljø i heile landet gjennom ei jamnare fordeling av arbeidsplassar. Organiseringa og plasseringa av evalueringsoppgåva har vore vurdert i samband med fleire utgreiingar, og ei mogleg flytting er vurdert i lys av distriktspolitiske målsetjingar. På den bakgrunnen har regjeringa vedteke at evalueringsoppgåva for norsk bistandsforvaltning skal flyttast frå Norad til Norec i Førde med verknad frå 1. januar 2025. Evalueringsavdelinga skal behalde den uavhengige rolla si i samsvar med gjeldande instruks, men vere organisatorisk tilknytt Norec tilsvarande den tilknyttinga Evalueringsavdelinga har til Norad i dag. Norec kan planleggje for at den nye Evalueringsavdelinga skal omfatte ni årsverk, inkludert leiar.

Beskriving av oppdraget: Norad og Norec skal samarbeide tett og har eit felles ansvar for å sikre ei god gjennomføring av avgjerda. Dette inneber at verksemdene mellom anna skal:

- følgje opp omstillingsavtalen, forhandla fram mellom UD og tenestemannorganisasjonar på forbundsnivå, i tråd med gjeldande regelverk for omstilling i staten.
- sikre at medarbeidarar blir vareteke i tråd med gjeldande regelverk for omstilling i staten.

- leggje til rette for at kapasitet og kompetanse i Evalueringsavdelinga blir halden oppe i størst mogleg grad gjennom omstillinga.
- sikre varig grunnlag for framleis sterkt kompetansemiljø for evaluering av norsk bistand.
- vareta Evalueringsavdelingas uavhengige rolle.

Oppdraget inneber følgjande konkrete felles leveransar frå Norad og Norec:

- Norec og Norad skal lage ein samla plan for gjennomføring av oppdraget. Planen skal innehalde milepælar knytt til personellmessig omstillingsprosess, rekruttering og flytting.
- Vurdering av eventuelle kostnader som vil komme i 2024, fordelt på Norad og Norec.
- Innspel til statsbudsjettet 2025 om budsjettmessige konsekvensar av flyttinga av Evalueringsavdelinga til Norec, fordelt på Norad og Norec.

Oppdraget inneber følgjande konkrete leveransar frå Norec:

- Utarbeide Norecs risikovurdering av gjennomføring av oppdraget med utgangspunkt i den overordna planen, og risikoreduserande tiltak.
- Rekruttering av leiar for Evalueringsavdelinga med oppstart så snart som mogleg og rekruttering av nødvendig tal medarbeidarar for å vere fulltalige frå 1. januar 2025.

Frist og rapportering:

- Utkast til plan for gjennomføring av oppdraget, innan 30. april 2024. Planen blir ferdigstilt etter avtale med UD.
- Budsjettmessige konsekvensar for 2024 og 2025 innan 24. mai 2024.
- Risikovurderingar blir delte med departementet innan 24. mai 2024.

2. Rapportering

Det skal rapporterast på oppdraget i tråd med fristane gitt i dette supplerande tildelingsbrevet og rapporteringskrava som er omtalte i det ordinære tildelingsbrevet for 2024.

Med venleg helsing

Vegar Sundsbø Brynildsen
assisterande utanriksråd

Knut Espeland
underdirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje fysisk signatur.

Kopi: Riksrevisjonen